

Merknadsoppsummering frå 1. gongs høyring og offentleg ettersyn m/ kommentarar

Plan: Detaljregulering for del av Grebstadvegen

Dato: 07.11.2023

Merknad frå	Merknadens innhald	Kommunens kommentar
Møre og Romsdal fylkeskommune (FK)	<p>1. Automatisk freda kulturminne:</p> <p>a) Det er gjennomført arkeologisk registrering. Funn av automatisk freda kulturminne på 4 delstrekker. Slik reguleringsplanen ligg er den i konflikt med automatisk freda kulturminne, FK pliktar difor å ha motsegn til plana. FK ber kommunen ta kontakt for å diskutere det vidare planarbeidet.</p> <p>b) Seinere kontakt med FK om funna:</p> <ul style="list-style-type: none">- Langs Grebstadvegen er det funnet 4 automatisk freda kulturminnelokaliteter. To av desse i konflikt med planlagt gang og sykkelveg og to andre i konflikt med planlagde avstikkervegar frå Grebstadvegen, til Sjurvegen og Eimsvegen.- FK ber kommunen sjå på moglegheiter med å endre planforslaget så dei ikkje er i konflikt med kulturminna. Alternativt kan ein søke om dispensasjon frå kulturminnelova. Med stort sannsyn vil ein eventuell dispensasjon frå kulturminnelova utløyse krav om arkeologisk utgraving.- Lokaliteten ved planlagt avstikkerveg til Sjurvegen inneheld dei mest verdifulle funna og vert mest kostbar å grave ut. FK rår til at denne blir liggande i vern og at ein heller ser på moglegheitene for å behalde/utbetre eksisterande avkøyrsløse som går forbi 7/26 og 7/232 i dag.	<p>1. ID 265860, Sjurgarden: Kommunen tar bort planlagt stikkveg til Sjurvegen for å unngå kulturminnet. Ei endra trase for nedre del av Sjurvegen er foreslått.</p> <p>ID 265866 ved Klokkargarden (merka #1 i plankartet), og ID 265906 ved Grefstad (merka #3 i plankartet) kjem i direkte konflikt med tiltaket. Kommunen vurderer at vegen må ligge slik at desse ikkje kan unngås. Kommunen ber FK å vurdere å gje dispensasjon frå kulturminnelova § 8, evt. vilkår for frigjeving av kulturminne i samband med nytt offentleg ettersyn.</p> <p>ID 265902 blir mindre råka enn i planforslaget ved sist offentleg ettersyn då veglinja er justert. Av omsyn til blodbøkane som står ved gardstunet til gbnr. 7/9, er det ikkje ønskjeleg å flytte veglinja enda lengre mot nord. Deler av sikringssona, merka #2 i plankartet, er regulert til vegformål. Sjølv kulturminne og den delen av sikringssona som ikkje er regulert til vegformål er sikra med omsynssone, bandlegging etter lov om kulturminne, H730_1. Før iverksetjing av tiltak innanfor #2, skal lokaliteten sikrast med fysisk inngjerding. Oppsett av gjerde utformast i samarbeid med Fylkeskommunen.</p> <p>ID 265899, er sikra etter lov om kulturminne, H730_2.</p> <p>2. Kommunen har fotografert løa den 09.12.2022. Bileta vert lagt ved saka til nytt offentleg ettersyn.</p>

	<ul style="list-style-type: none"> - Planen kan ikkje eigengodkjennast før ein har funne ei løysing om kulturminna som FK kan godkjenne. <p>2. Nyere tids kulturminne For den SEFRAK-merka løa som eigaren ønsker å rive, bør det leggst ved fotodokumentasjon som også viser innsida, slik at saka blir mest mogleg opplyst.</p>	
Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FM)	Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ikkje vesentlege merknader.	Takast til vitande
Statens vegvesen (SVV)	<p>1. I planframlegget er det ikkje regulert inn gs-veg/fortausløysing på austsida av krysset. SVV rår til at gs-veg/fortausløysing vert innarbeidd for heile strekinga som ligg langs fylkesvegen, slik at reguleringa vert i tråd med løysinga nedfelt i kommunedelplanen området – vegstrekinga - er omfatta av.</p> <p>2. I og med at fylkesvegen ikkje er forkøyrregulert vert sikttekanten – frisiktsona – på austsida i krysset mellom Grebstadvegen og Dalevegen etter måten arealkrevjande. Frå veghaldar si side vert det arbeidet med at fylkesvegar skal forkøyrregulerast, og på det vis vil siktkravet verte mindre . Frisiktsona i krysset mellom den kommunale veggen og fylkesveg en er i planframlegget – etter det vi kan sjå – i samsvar med gjeldande vegnormal.</p>	<p>1. Det er regulert inn annan veggrunn langs fv. 5916 Dalevegen, på austsida av krysset Grebstadvegen/Dalevegen. På den måten sikrar ein framtidig areal til vegformål. Vi vurderer det som meir hensiktsmessig å regulere ein større samanhengande del av gang-/sykkelveg langs Dalevegen under eit i ein eigen reguleringsplan. Det er m.a. knapt med areal på sørsida av gbnr. 7/160 noko som kan bli førande for val av løysing.</p> <p>2. Dalevegen er forkøyrregulert sidn første planutkast, og det er derfor andre krav til frisikt. Frisiktlinja er endra i tråd med N100.</p>
Anne Kleppe	Ho bruker aldri Grebstadvegen og forstår ikkje kvifor veggen må gå over hennes grunn (7/29). Mener veggen er unødvendig.	Grunneigars eigennytte av veggen blir ikkje vurdert som relevant for å unngå å legge delar av vegstrekket på 7/29. Her er den beste heilheitlege løysinga for vegføring som står i fokus. Veglinja er noko lagt om sidan sist offentleg ettersyn. For denne eigdommen er det

	<p>Ikkje mulig å komme seg til sentrum utan lang ventetid grunnet forkjørsvog og det er vært nødvendig å kjøre på andre siden av elva forbi skulane.</p> <p>Eineste grunnen til denne vegen er at kommunen skal ha byggefelt og brede vegen er jordbruksareal som er plant.</p>	<p>planlagt å beslaglagt svært lite areal (under 100 m² permanent). I anleggsfasen vil det vere behov for eit mellombels anleggsbelte på eigedomen. Dette arealet vert ordna til og tilbakeført til grunneigar når tiltaket er ferdig bygd.</p>
Karl Johan Ullavik	<ol style="list-style-type: none"> 1. Reguleringa legg opp til ein uforholdsmessig stor del av utvidinga er tenkt lagt inn på 7/77. Både Kagholvegen, Grebstadvegen og krysset som bind desse saman vil med planforslaget bandlegge eit relativt stort areal på eigedomen. Forslaget om å flytte Grebstadvegen meir inn på 7/77 i punkt 7 i «oppsummering innspel/merknader oppstart» forsterkar dette og han ber om ein ny vurdering av dette punktet. 2. Han ber om at det i den vidare planlegginga vert lagt til grunn ei løysing som krev så lite areal som råd og gir støtte til fortau framfor g/s-vei. 3. Minner om tidlegare frådelingsøknad om ber den blir behandla positivt i samband med utarbeiding av reguleringsplan. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Veglinja blir noko annleis enn ved offentleg ettersyn ved krysset Grebstadvegen-Kagholvegen. Det er no lagt opp til ei anna fortausløysing med tanke på kryssing av Grebstadvegen enn ved 1. gongs høyring. Kryssinga av Grebstadvegen vil bli trekt lenger vestover. Dette fører då til at det ikkje blir så stor forskjell i arealbeslag på 7/77 i noverande planforslag og planforslaget som var til 1. gongs offentleg ettersyn. 2. Reguleringsplanen legg opp til ei fortausløysing som vil ta mindre areal enn g/s-veg 3. Dispensasjon vil måtte behandlast separat frå reguleringsplanprosessen.
Bengt og Skjold Lyshol	<ol style="list-style-type: none"> 1. Østover frå innkjørsel til eigedom 7/247 (bengt) vil det gå 4.5 meter nordover nedpå 7/19 (skjold) og nært eigedomen/hagen til bengt med dei ulempene det medfører med innsyn og støy. Det kan dei ikkje godta. 2. Skjold har foreslått tidlegare i prosessen at vegarealet kan gå opp i hagen hand på 7/26. Dette er gjort i planforslaget, men kommunen kan ta meir av det arealet. Då blir vegen lagt lenger unna hagen til Bengt og veglinja blir rettare 	<p>1.og 2 Veglinja blir noko annleis enn ved offentleg ettersyn ved krysset Grebstadvegen-Kagholvegen. Grunna eit behov for å utbetre Sjurvegen sin vegtrase og påkopling til Kagholvegen etter at omleggingsvegen er tatt ut, så er ikkje inngrepet på 7/19 på nordsida av Grebstadvegen mot 7/247 så mykje mindre enn ved 1.gongs høyring. Vegen blir likevel liggande 6-8 meter lenger mot sør i noverande planforslag enn i gjeldande reguleringsplan. Dette vurderer kommunen er akseptabelt og ei stor forbetring, sjølv om eigedomen 7/247 har etablert hage heilt opp mot</p>

	<p>3. Dei går inn for 2 meter bredde på fortau som på Tynesvegen. Med dette blir det mindre arealbeslag på dyrka mark og hage.</p>	<p>dagens Grebstadveg. Justeringane er gjort for å få ei god heilheitleg vegløyning.</p> <p>3. Kommunen held på bredda satt på fortauet. 3,25 meter. Dette for å ha naudsynt bredde for brøyting av fortauet.</p>
Nils Bakke	<p>1. Han reknar med å kunne behalde minst 9 meter sør for lagerbygget, samtidig som gangvegen ikkje kjem lenger øst på nordsida av Grebstadvegen enn maksimalt 8 meter aust for austveggen til lagerbygget.</p> <p>2. Det er vanskelig å forstå at gangveg må vere breiare langs Grebstadvegen enn Tynesvegen,</p>	<p>1. Veglinja er justert sidan sist offentleg ettersyn. Svært lite av veggrunn vil komme inn på 7/38 i nytt planforslag. Ein liten del av eigedommen i sør-vest vil ligg innanfor mellombels anleggsbelte. Dette arealet vert ordna til og tilbakeført til grunneigar når tiltaket er ferdig bygd.</p> <p>2. Kommunen held på bredda satt på fortauet. 3,25 meter. Dette for å ha naudsynt bredde for brøyting av fortauet.</p>
Oskar Alfarnes (8/24)	<p>Vegen er lagt nærmare hans eigedom (8/24) på det nye forslaget enn på reguleringskartet frå 1989. Han håper at vegen ved 8/24 blir som kartet frå tidlegare vedtak.</p>	<p>Det ser ikkje ut som vegen vil komme nærmare eigedommen på det nye planforslaget enn i planen frå 1989. Naudsynt grøft/skjerung vil her komme nærmare, men plan frå 1989 viser ikkje naudsynt grøft/skjeringsutslag.</p>
Ståle Aurdal (7/10)	<p>1. Vil ha flytta garasja som står ved sida av stabburet også.</p> <p>2. Vil ikkje at vegen svinger så langt ned på si mark, noko som skaper ein unødvendig krapp sving på vegen. Dei to bøketrerne over vegen bør kunne fjernes for å få ein rettare veg. Treng ikkje vere slik at vegen omtrent bare skal gå på hans eigedom.</p> <p>3. Vil ha støyvern med tett steingard (som er fin frå begge sider) mot vegen langs heile eigedommen på grunn av høgare fart og meir støyproblem med den</p>	<p>1. Det er tatt inn i planomtalen at stabburet og garasja/skuret vil måtte flyttast eller rivast når vegen vert utbygd. Nærare avklaringar rundt dette må avklarast i prosjekteringsfasen og ved grunnerverv. Ev. ny plassering vil vere utanfor plangrensa.</p> <p>2. Svingane på Grebstadvegen er bevisst vidareført for å naturleg dempe farta på vegen når standarden heves og for å legge vegen lenger unna hus og liknande der det er mogleg/hensiktsmessigt. Veglinja er justert nordover ved gbnr. 7/10 for i mindre grad å kome i konflikt med kulturminne og for å få ein betre kurvatur på vegen. Det er gjort avklaringar mot. nærføring av vegen ved blodbøkane. Dette er nærare skildra i kap. 3.6.2.</p>

	<p>nye vegen. Skal vere så høg at den hindrer innsyn også.</p> <ol style="list-style-type: none"> 4. Vil ha fartsdumper: Før svingen på vestsida i tillegg til på begge sider av utkjørselen sin. 5. Vil ha forarbeider og asfaltering av: Egen veg og parkeringsplassar og parkeringsplassar på heile oversida av huset. 6. Ønsker smalere gangvei, 2 meter som på Tynesvegen. 	<ol style="list-style-type: none"> 3. Det er i planen vurdert at det ikkje er behov for støytgreiing og støyttiltak som følgje av ny vegtrase og fortau. Nærare vurderingar av støysituasjonen i byggje- og anleggsfasen skal klargjerast i samband med byggeplanlegging. Eventuell mur for å hindre innsyn blir ikkje blir vurdert i reguleringsplanen, men må avklarast i avtale/vilkår mellom kommunen og grunneigar ved forhandlingar ved grunnavståelse. 4. Fartsreducerande tiltak som fartsdumpar kan ikkje fastsettast i reguleringsplanen etter plan- og bygningslova. Dette må eventuelt behandlast som separat sak av kommunen etter veglova. 5. Dette er moment som ikkje blir vurdert i reguleringsplanen, men må avklarast i avtale/vilkår mellom kommunen og grunneigar ved forhandlingar ved grunnavståelse. 6. Kommunen held på bredda satt på fortauet. 3,25 meter. Dette for å ha naudsynt bredde for brøyting av fortauet.
Tone Grebstad (merknad I)	<ol style="list-style-type: none"> 1. På plandokumenta er det fortsatt tenkt å ha Sjurvegen som gangveg, men kan ikkje sjå at den er teikna inn på utsida av driftsbygninga 2. Det er plan om å bygg ein ny veg framfor Skjold Lyshol sitt hus. Dette og at vegen hos med må leggest utom driftsbygninga fører til at Dan Willhelmsen, Skjold Lyshol og min eigedom blir sittande med store private vegen innanfor eigedomomane våre som fører til større vedlikehaldsutgifter (brøyting ol). Om kommunen kan ta vintervedlikehaldet til eksisterande veg etter ny trase er bygd vil dette vere ei lette for oss og ikkje berre ulempe med økt trafikk forbi eigedomane våre. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. I planforslaget no er Sjurvegen regulert til køyreveg. Planområdet omfattar ikkje heilt ned til gardstunet til gnr.7 bnr.1 Men i kommunedelplanen for Sentrum-Ikornnes er det lang inn ein gang-sykkelveg på utsida av driftsbygninga på 7/1. 2. Den alternative vegen framfor Skjold Lyshol er tatt bort i nytt planforslag. Dette grunna verdifullt funn av automatisk freda kulturminne. Eksisterande nedre del av Sjurvegen blir foreslått lagt noko om for å betre trafikktryggleiken i området,

<p>Tone Grebstad (merknad II) og Dan Ronny Wilhelmsen</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Gangveien fra Grebstad veien til Daleveien vil føre til en del ulemper. (Nytt byggefelt vil øke trafikken, samt ny Sentrumsskole i Bakkeøyene). 2. Jeg vil at den nye planlagte gangveien skal gå i rett linje fra Skjold Lyshol sin eiendom (østre hjørne), til min driftsbygning (venstre hjørne), slik vi slipper den økende trafikken gjennom tunet. 3. I 2013 solgte jeg garasjetomten til Dan-Ronny Wilhelmsen (7/366). Tomten er liten; ca 344 m². Forutsetningen for kjøpet var at Dan-Ronny Wilhelmsen skulle få utvide tomtearealet østover til en brukbar hustomt. Den lovnaden vil jeg holde ved å legge om Sjurveien. 4. Slik forslaget foreligger i planen, vil vanskeliggjøre vedlikeholdet både sommer og vinter. Og ikke minst jordbruksdriften, mange kroker og krinkler. 5. Den delen av arealet som går til boligtomt og gangvei, har liten jordbruksverdi, lite jordsmonn over fjellgrunn (Sjur haugen). 6. Om det tar tid med omlegging av gangveien, før eventuelt boligtomten kan taes i bruk, vil tomteeier legge om veien midlertidig. Se skisse på kartet. 	<p>Den alternative vegen framfor Skjold Lyshol er tatt bort i nytt planforslag. Dette grunna verdifullt funn av automatisk freda kulturminne. Eksisterande nedre del av Sjurvegen blir foreslått lagt noko om for å betre trafikktryggleiken i området. I praksis blir Sjurvegen i stor grad som den er i dag.</p> <p>Kommunen vurderer at det ikkje er ønskeleg å innlemme nye bustadtomter i reguleringsarbeidet med ny Grebstadveg.</p>
<p>Per Helge Kvalsund (7/160)</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Fysisk stenging av Eimsvegen vil føre til store ulemper for oss. Det blir ein upraktisk omveg som vil gjere tilkomsten til eigedomen vanskeligare, spesielt vinterstid, men og inn/og ut av innkjørsel. Det blir mest truleg naudsynt for han og naboeigedomen å 	<p>Kommunen foreslår her å oppretthalde eksisterande avkøyrsløse til fylkesvegen/Dalevegen for husa på eigedomane 7/160 og 8/11. Sidan sist høyringsrunde har eigedom 7/160 har orientert avkøyrsla si mot Eimsvegen og ikkje som ei direkteavkøyrsløse til fylkesvegen/Dalevegen som den var.</p>

	<p>legge om delar av vegen for å god nok plass til å køyrer inn/ut i den retninga.</p> <ol style="list-style-type: none"> 2. På eige initiativ har dei lagt om innkjørselen mot Eimsvegen i staden for Dalevegen som eit trafikktryggingstiltak. Han og nabotomta har også fjerna store delar av vekst utan som har gjort heile krysset meir oversiktleg og trygt. 3. Om han og naboeigedomene kan få nytte avkjørsla til Eimsvegen som ei felles avkjørsle vil det vere den klar mest fornuftige løysinga. 4. Tidlegare eigar av naboeigedomene (8/11) fekk godkjent å nytte denne avkjørsla då reguleringsplanen for Grebstadvegn var behandla sist gong. No framstår kryssløysinga betre og tryggare enn tidlegare. 5. Han ønskjer ikkje at si tomt blir berørt på nokon måte av andre tiltak. Det skal sendast skriftleg informasjon til han og kva det innebærer for eventulet vedtak blir gjort. 	<p>Tilkomsten til eigedomene 8/11 er orientert mot Dalevegen og ikkje nordover Eimsvegen så ei stenging av eksisterande avkjørsle vil vere upraktisk for denne eigedomene.</p> <p>For å sikre at ikkje fleire vil nytte denne avkjørsla til Dalevegen er det lagt inn eit rekkjefølgjekrav i planen at når Eimsvegen koplast til Grebstadvegen så skal dagens kopling vidare mot Dalevegen fysisk stengast, ved område J4 i plankartet.</p>
<p>Hilde Haldorsen (8/11)</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. 8/11 har hatt avkjørsle sidan bruket vart oppretta i 1934. Førre eigar har i tidlegare planprosess (1989) klagt på forslag til regulering av vegen og fekk medhald til å behalde vegen slik den har vore. Ei stenging av Eimsvegen mot Dalevegen vil medføre betydelig ulempe for ho, økonomisk og praktisk. Det er ikkje mogleg å ta til høgre frå min eigedom og vidare nordover på Eimsvegen. Om ein skal gjere avkjørsla køyrbar den vegen må ein utbetre vegen inn på naboeigedomene som er jordbruksareal. Ho reknar med at kommunen vil ta kostanden det blir og utbetre vegen og halde vegen open vinterstid når det er behov for brøyting. Ho ønskjer å fortsatt å køyre direkte ned på Dalevegen. 	<p>Sjå kommentarar til Per Helge Kvalsund</p>

